



RADØY KOMMUNE KULTURADMINISTRASJON  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 31.03.2017  
Vår ref.: 2015/8944-8  
Saksbehandlar: oysskar  
Dykkar ref.:

## **Utlegging av klopper og stiarmering på og ved automatisk freda lokalitetar ved Fosnstraumen i Radøy kommune, Hordaland fylke**

Me viser til synfaring 21.2.2017 og dialog i saka kring tilrettelegging av kultursti ved Fosnstraumen i Radøy kommune.

For å sikra ei god tilrettelegging av stien er det naudsynt å leggje ut klopper og stiarmering nokre stader. I tre tilfelle vil dette komma i konflikt med automatisk freda lokalitetar. Jamfør kulturminnelova § 3 er det ikkje tillate å dekkja til lokalitetar. Hordaland fylkeskommune vurderer likevel i dette tilfellet at tiltaket er naudsynt for å sikra kulturminna mot slitasje, og for å synleggjera og formidla kulturminna på ein god måte. I samråd med Universitetsmuseet i Bergen har Hordaland fylkeskommune avklart med Riksantikvaren at tiltaket kan gjennomførast utan dispensasjon frå kulturminnelova så lenge det skjer på vilkåra avklart på synfaringa, sjå òg vedlagt skriv til Riksantikvaren og deira fråsegn.

Hordaland fylkeskommune vil vera til stades når arbeidet vert utført. Me ber om at me vert varsla i god tid før tiltaket skal gjennomførast.

Ta kontakt dersom de har spørsmål til arbeidet.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Øystein Skår  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Brev til Riksantikvaren
- 2 Fråsegn frå RA